

# Immunfiksering i serum

## Indikasjoner

Supplement til proteinelektroferese for å sjå om elektroferetisk homogene fraksjonar med uvanlege lokalisasjonar er M-komponentar (monoklonale komponentar) av type IgG, IgA eller IgM, og om dei lette kjedene er av type kappa eller lambda. Ved funn av ein M-komponent som ikkje er kjent frå tidlegare vil laboratoriet automatisk utføre immunfiksering.

## Prøvemateriale



0,5 mL serum til proteinelektroferese er nok også til immunfiksering. Det er ikkje nødvendig med ny prøve.

## Referanseområde

Normalt skal ikkje monoklonale komponentar påvisast.

## Tolkingar

M-komponentar kan sjåast ved myelomatose og Waldenströms makroglobulinemi. Den mest vanlege årsaka er MUB (M-komponent av usikker betydning). Mindre homogene fraksjonar kan sjåast ved fleire tilstandar, f.eks. leukemi og kollagenosar.